

ÅRSMELDING FIN 2025

Årsmøte 20. mars 2025

Årsmøtet fann stad på Quality Hotell 20. mars 2025, med 40 frammøtte medlemmar.

På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Tor Førde (ikkje på val)
Nestleiar	Linn Theres Nekkøy (ikkje på val)
Styremedlem	Tore Nyttingnes (ikkje på val)
Styremedlem	Ninja Tolo Ness (ny, for 2 år)
Styremedlem	Andreas Grøneng (ny, for 2 år)
Varamedlem	Lone Bareksten (attval, vald for 1 år)
Varamedlem	Cecilie Halvorsen, ECIT (ny, vald for 1 år)

Val av valkomité

Etter innstilling frå styret vart desse valde som valkomité:

Ann-Kristin Strømmen (ny), Marianne Ullaland Knapstad (ny) og Bjørn Hollevik (ny).

Valkomitéen konstituerer seg sjølv.

Årsmøte 2025

På årets generalforsamling blei det ikkje innspel til arbeidsprogram. I løpet av 2025 har FIN arbeida med utforming av ein ny strategi og handlingsplan. Denne skal gi ein klar kurs for vegen framover for FIN, og blir presentert på årsmøte.

Dei viktigaste sakene for FIN styret i 2025:

- Utforme ny strategi og handlingsplan for FIN
- Rekruttering til yrkesfag, Florø VGS, lokale bedrifter og styrke samarbeid mellom skule og næringsliv.
- Lufthamnstruktur
- Forsvarssatsing i Florø
- Kraftutfordring i regionen

Oppfølging av saker

Strategi og handlingsplan

I 2025 har FIN jobba med ein ny strategi for å lage ein klar kurs for kva FIN skal jobbe med framover. Ut frå strategiarbeidet ser FIN at det er behov for ressursar som har tid og

moglegheit til å gjennomføre dei punkta som ligg i strategien. Det har blitt jobba med å finne ut korleis ein kan få meir drivkraft i organisasjonen og her har ein sett på nye modellar.

Forsvarssatsing i Florø

Vestland fylkeskommune har etablert Forsvarsforum Vestland, eit viktig initiativ for å styrke samarbeid og koordinering innan forsvarssatsing på Vestlandet. FIN og andre aktørar, som Westcon, Fjord Base og Aksello, har i løpet av året fremma eit sterkt ønske om at Kinn kommune blir inkludert som eit aktivt medlem og har fått tilslag på dette.

[\(Innspill ihht Forsvarsforum Vestland\)](#)

Parallelt med dette arbeidet er det jobba med eit prosjekt for å kartlegge tenester som Florø kan levere til Forsvaret. Her har fleire aktørar allereie vist interesse til å bidra. No jobbar ein med å finne vegen vidare og konkretisere kva ein vil ha ut av eit slikt prosjekt.

Rekruttering og styrke samarbeid mellom skule og næringsliv

FIN har gått inn for eit tettare samarbeid mellom utdanningsmiljøa i regionen, for å ei tett kopling mellom næringsliv og utdanning. Saman ønsker vi å jobbe med kunnskapsdeling mellom FIN og utdanningsmiljøa, og framheve og formidle moglegheiter for utdanning innan yrkesfag og vidareutdanning til foreldre og elevar. FIN har no samla utdanningsmedlemmer til møter og skal vidare ha eit tett samarbeid for å sjå korleis ein kan løfte utdanningsmiljøet i regionen.

Saman med Aksello, Kinn kommune, Hub for Ocean og Måløy Vekst har vi gått saman for å finne gode løysingar til den store rekrutteringsfloka. I mai 2025 arrangerte vi «Framtidas kompetanse, frå seminar til nettverk for berekraftig rekruttering». Det var eit godt oppmøte, og vidare blei det arrangert «Gratis kurs og workshop i onboarding» 12.02.26.

Kommunedelplan – arealdel / samfunnsdel

FIN legg vekt på at kommunen må framstå som næringsvennleg, slik at eksisterande og nye verksemdar utviklar seg og etablerer seg i Florø. Her har FIN arrangert fleire møter med kommunen for å få betre dialog rundt fleire saker, mellom anna om vatn- og avløp og byggesaker. I tillegg har FIN gitt høyrings svar til KPA med innspel frå medlemsbedriftene.

Kommunen ser på FIN som eit viktig talerør mellom næringa og kommunen. Derfor er FIN og Måløy Vekst invitert inn med kvar sin representant til Kinn kommune sitt sentrumsboligprosjekt, "Bolig i Sentrum". Det er ei eldrebølge på gang og prosjektet skal jobbe med korleis vi kan møte denne bølga og tilrettelegge for den. I tillegg er FIN inkludert i Kinn kommune sitt arbeid med utarbeiding av naturpolitisk dokument.

Kraft

Ein ser eit tydeleg behov for auka energi til Florø, som krev kopling frå Guleslettene over fjorden og utbygging frå Grov og vestover. For å realisere dette er vi avhengig av eit godt samarbeid mellom Linja og næringslivet. Bedriftene som treng meir energi må prioriterast, og det må jobbast politisk. Vi må vise kva initiativ det er i Florø, slik at ein blir høyrte i kampen om energien.

FIN jobbar for å halde oppe presset mot Linja gjennom møter og dialog med fleire viktige aktørar i regionen og løfte fram Grov som eit knutepunkt som må realiserast. Det blei mellom anna levert inn innspel til ei meldingssak om landstraum til Tampen, og det er også grunnlaget for eit lesarinnlegg i Firdaposten: «Rustinga av Grov er avgjerande for Kinn og et fortsatt konkurransedyktig næringsliv».

Aktivitet

Møter/arrangement

FIN har vore (med)arrangør på følgande møter og arrangement:

- Sommartreff i FIN – 21.5.25
- Framtidas kompetanse, frå seminar til nettverk for berekraftig rekruttering – 22.5.25
- En smak av Florø – 17.6.25
- Dialogmøte om byggesaker med Kinn kommune – 20.8.25
- Næringspolitisk debatt i Florø: Framtida for næringslivet på kysten – 26.8.25
- Dialogmøte om vatn- og avløp med Kinn kommune – 23.9.25
- Hausttreffet – 16.10.25
- Gutter og gründere – 6.11.25
- Frukostmøte med Sogn og Fjordane Næringsråd – 10.12.25

Representantar frå FIN har i tillegg delteke på følgande møter og arrangement:

- «Industrien og næringslivet står klare, men kvar blir det av krafta?» under Arendalsuka – 12.8.25
- Skal vi slå saman Florø og Førde? – 5.11.25
- Fagsamling med tema «bustadutvikling for alle» – 13.11.25

Økonomisk støtte

Styret i FIN har gitt økonomisk støtte til nettverket «Flora U40». FIN har aksjar i Aksello og betaler et eigartilskot ut frå aksjonæravtala. Aksello leverer fleire tenester som FIN ser på som viktige, som frukostmøter, nettverk og rekrutteringstreff. I tillegg løyver FIN 80.000,- til eit forsvarsprosjekt for å løfte fram Florø som forsvarsby, og få fleire ringverknadar av aktiviteten som allereie er planlagt. Vi opplev jamn og stabil medlemsmasse, med auke på 8 medlemmar sidan førre årsmøte.

Lesarbrev og innspel i politiske saker

- Innspel til meldingssak om landstraum til Tampen og lesarinnlegget «[Rustinga av Grov er avgjerande for Kinn og et fortsatt konkurransedyktig næringsliv](#)» (Firdaposten, 09.03.25)
- [Innspill ihht Forsvarsforum Vestland](#) (08.09.25)
- [Høring av regionalt flyrutetilbod](#) (23.10.25)
- Rørleggerlinja på Florø VGS
- [Innspel til KPA](#) (15.01.26)
- [Areal, arbeidsplassar og framtidig verdiskaping](#) (Firdaposten, 28.01.26)

Styrearbeid

Sidan årsmøtet 20.04.25 har styret hatt sju styremøte og ei strategisamling. FIN har vore (med)arrangør på ni arrangement i løpet av året (sjå aktivitet i 2025). I tillegg har enkeltrepresentantar delteke på møter med eksterne aktørar gjennom heile året, med utgangspunkt i dei viktigaste sakene for FIN.

Organisering

Kinn Regnskap AS har i 2025 vore forretningsfører. A til Å v/ Maria Hunvik har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen.

Medlemsutvikling

FIN hadde 77 medlemsbedrifter pr. 9.02.26 – ei auke på 8 bedrifter sidan førre årsmøte.

Florø XXX

Tor Førde
Leiar FIN

Linn Theres Nekkøy
Nestleiar FIN

Tore Nytingnes
Styremedlem

Ninja Tolo Ness
Styremedlem

Andreas Grøneng
Styremedlem

Lone Bareksten
Varamedlem

Cecilie Halvorsen
Varamedlem